



Westland Hotel
Runar Erlend Hilland
Kvalen 30
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1480 - 15/31965

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
13.10.2015

Purring på status fettutskiljar Westland Hotel - gbnr 108/102

Teknisk drift etterlyser framdriftsplan for når ein kan forvente at permanent utskiljaranlegg vert installert ved Westland Hotel. Teknisk drift har tidlegare, i brev datert 22.04.2015 og 08.09.2015, etterlyst framdriftsplan for når ein kan forvente at permanent utskiljaranlegg vert installert ved hotellet. Frist for innsending av dokumentasjonen var, i brev datert 08.09.2015, sett til **fredag 25. september 2015**. Teknisk drift kan ikkje sjå å ha motteke framdriftsplan eller registreringsmelding for anlegget.

Anlegg som Westland Hotel i dag nyttar har for liten størrelse i forhold til produksjon ved kjøkkenet. Dette medfører at fett vert ført ut på kommunalt leidningsnett og til reinseanlegg. Teknisk drift har registrert mykje fett på kommunalt leidningsnett. Feittet fører til skade på kommunalteknisk anlegg og påfører kommunen store kostnader. Teknisk drift gjer merksam på at verksemda sjølv er ansvarleg for å ha nødvendig utstyr slik at krav til utslippsvatn vert overhalde, *jf.* «Standard abonnementsvilkår – Tekniske og Administrative bestemmelser» og forskrift for fettutskiljar for Lindås kommune.

Ved installering av nytt anlegg:

Vi gjer merksam på at Teknisk drift skal godkjenne utskiljaranlegg før installering. Røyrleggar må sende inn søknad om tilknytning av anlegg til kommunalt leidningsnett. Med søknadsskjema skal det leggest ved berekningsgrunnlag for val av storleik på utskiljaranlegg. Anlegget skal være godkjent av Teknisk drift før bestilling av anlegg. Dette for å sikre at rett anlegg vert installert. Teknisk drift sett i «enkeltvedtak» krav til drift og vedlikehald av anlegget. Det vert, blant anna, sett krav til tømmeffrekvens, temperaturlogging, prøveanalyser (frå prøvetakingskum), vaskemidler, vedlikehald og tømmeavtaler osv.

Teknisk drift sett nå ei endeleg frist for tilbakemelding status installering av permanent fettutskiljar ved Westland Hotel til **fredag 30.10.2015**. Dersom tilbakemelding ikkje er motteke innan fristens utløp, vil vi kalle inn til møte.

Det er med heimel i «Standard Abonnementsvilkår – Tekniske og Administrative bestemmelser», forskrift for fettutskiljar for Lindås kommune, «forskrift om begrensning av forurensning § 15A-4», samt «utsleppsløyve for Lindås kommune» frå Fylkesmannen i Hordaland, Miljøvernavdelinga, at Teknisk drift nå sett ei frist for tilbakemelding vedkomande framdrift for installering av permanent fettutskiljar ved Westland Hotel.



Med helsing

Arne Helgesen
Avdelingsleiar vatn og avlaup

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Arne Helgesen

Mottakrar:
Westland Hotel

Kvalen 30

5955

LINDÅS